

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvallsak
Formannskap	29.08.2018	057/18
Heradsstyret	26.09.2018	051/18

Sakshandsamar Golis, Natalia	Arkiv: K2 - U01, K1 - 144	Arkivsaknr 18/68 - 1
---------------------------------	------------------------------	-------------------------

Planprogram Strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik herad

Vedlegg:

Vedlegg Planprogram Strategisk nærings- og utviklingsplan 2018

Saksutgreiing:

I tråd med planstrategi for Ulvik herad skal *Sektorplan for Arbeidsplassar og Næringsutvikling for Ulvik* rullerast. Det vert i planstrategien lagt opp til at ein skal erstatte denne med ein ny *Strategisk nærings- og utviklingsplan (SNU)*. Denne skal inkludere reiseliv og landbruk, som er primærnæringer i Ulvik og omfattar både det tradisjonelle landbruket, tilleggsnæringer knytt til landbruksdrifta og utvikling knytt til reiseliv (agro-turisme) og vertskapsrolla. I tillegg skal planen ha eit sterkare fokus på kultur og kulturminne som næring og generell samfunnsutvikling i Ulvik herad.

Den gjeldande *Sektorplanen for Arbeidsplasser og Næringsutvikling for Ulvik* herad vart vedteken i 2008. Ulvik og Hardangerregionen har endra seg stort sidan den gong, og fleire av måla kan også seiast å vere nådd. Ein *strategisk nærings- og utviklingsplan* blir ein plan for kva det offentlege (heradet) kan gjere for å leggja til rette for nærings- og samfunnsutvikling i heradet. Planen må difor, i tett dialog med ulike aktørar, innbyggjarar og næringsliv, avdekke kva forventningar som finnst for ei berekraftig næringsutvikling. Planen bør svare tydeleg på slike behov og forventningar. Vidare skal status, utviklingstrekk og utfordringar innan næringsutviklinga i heradet og regionen kartleggjast fram mot 2024. I planarbeidet skal det drøftast kva som kjenneteiknar ein næringsvenleg kommune. Kva er næringslivet sine behov og kva forventningar har dei til heradet?

Planarbeidet skal føre fram til ein ny strategisk nærings- og utviklingspolitikk for Ulvik herad, med mål, tiltak og verkemiddel for perioden 2019 – 2024. Planen skal, etter at den er vedteken, følgjast av ein handlingsdel som rullerast kvart år og som skal ha tydelege prioriteringar. Områder planen skal dekkje er mellom anna (men ikkje utelukkande): næringsliv inkludert landbruk og reiseliv, utviklingsprosjekt og nyskaping, berekraft og regionalt samarbeid.

Vurdering:

Å ta vare på natur, kultur og miljø + å styrkja sosiale verdiar = økonomisk levedyktigheit. Det å styrkje

dei sosiale verdiane i heradet inneber at me skal arbeida for at vi skal vera attraktive og gode for innbyggjarane, parallelt med at ein styrkjer lokalsamfunnet, aukar tal arbeidsplassar og skaffar nye faste arbeidsplassar. Heilårsarbeidsplassar vil gje høgare skatteinntekter og tilflytting til regionen. Fleire innbyggjarar gjev større moglegheit for å driva god tenesteproduksjon og høgare attraktivitet.

I sum:

Kva bør Ulvik satse på og kva er vår og regionen sitt fortrinn? Kva skal vi samstundes verne om?

Utviklingstrekk i Ulvik og hovudspørsmål

Det har vore fleire større endringar i heradet og i regionen sidan samfunnsdelen til kommuneplanen og sektorplanane for områda næring og landbruk sist vart vedtekne. Samfunnsutviklinga, folketalsutvikling og endringar i demografien i regionen må kontinuerleg vurderast. Eit variert næringsliv er avhengig av at heradet legg til rette for nyetableringar, samstundes som ein styrkjer eksisterande føretak og verksemder. Eit stabilt næringsliv gir ein stabil, lokal arbeidsmarknad som igjen er viktig for eventuell nyetablering av føretak og prosjekt.

Ulvik herad ynskjer å vere framoverlent og imøtekomande for å oppnå dette. Planen skal freiste å namngje og understreke satsingar og områder med særskilt fokus.

Landbruket i Ulvik har vore, og er, ei avgjerande primærnæring og er ein sær viktig identitetsfaktor for folk frå Ulvik. Mange av aktivitetane i Ulvik er sesongtilpassa innanfor landbruket og bruken av naturressursane lokalt. Utfordringa med å drifte mindre gardsbruk på Vestlandet er aukande. Her bør Ulvik ta eit bevisst standpunkt og leggje til rette for å prøve å snu utviklinga.

Reiselivsnæringa er ei samansett næring i kontinuerleg endring. Reisande legg stadig meir vekt på aktivitetar og opplevingar og mindre vekt på bestemte reisemål, samstundes som dei stadig stiller høgare krav til reiseopplevingane. Dette gjer at næringa mellom anna må ha fokus på nytenking og produktutvikling, pris, kvalitet og tilpassing til dei reisande sine individuelle ynskjer. For å møte desse utfordringane bør alle aktørane satse på eit breiare samarbeid, både lokalt og regionalt og ein samla strategi for reiselivsbransjen i Ulvik.

Arbeidet med planen bør skje gjennom god dialog og diskusjonar om mål og tiltak for nærings- og utviklingspolitikken. Arbeidet med ny *Strategisk nærings- og utviklingsplan* skal tydeleggjere og kommunisere ut kva for verkemiddel som finnst på lokalt nivå. Vidare skal den gi tydelege føringar på kva heradet skal leggja til rette for som utviklingsaktør sjølv og på kva måte ansvaret fordeler seg mellom heradet, fylkeskommunen, staten og andre aktørar i offentleg og privat sektor.

Ulvik herad vart i april 2015 medlem i det internasjonale nettverket Cittaslow – eit nettverk av byar som arbeider for det gode liv for sine innbyggjarar, over heile verda. Gjennom dette har heradet forankra eit særskilt ynskje og ansvar om å ivareta og fremje god og offensiv miljø- og klimapolitikk og ei berekraftig sosial utvikling, både lokalt og globalt. Vårt ansvar for den naturlege verda og framtidige generasjonar krev at me er nøysame, arbeidar for det berekraftige, forsvarar miljøet og reduserer dei tunge økologiske fotavtrykka våre. Dette inneber å forplikta oss til å gjenoppdage tradisjonell kunnskap og å gjera det meste ut av ressursane våre ved resirkulering og gjenbruk, i tillegg til å ta i bruk dei nye teknologiane, innovasjon og fornybar grøn energi.

Sertifisering av stader i Cittaslow sitt nettverk omfattar 72 kvalitetskrav inndelt i del-områder. Desse områdene (prinsippa) er:

- **Prinsipp for energi- og miljøarbeid** (utvikling/ vern av parkar og grøntområde, fornybar energi og utsleppskutt, transport, resirkulering/rensing osv.)
- **Prinsipp for infrastruktur og planlegging** (alternativ mobilitet, sykkelveggar, gateutsmykking, sentrumsutvikling osv.)
- **Prinsipp for kvaliteten på bygdemiljøet** (restaurering og gjenbruk av forsømte områder,

- tomme lokalar, fiberoptikk og trådløst nett osv
- **Prinsipp for jordbruk, turisme og kunsthåndverk** (nye berekraftige produksjonsmetodar, vern av kulturlandskap, auke verdien av etablerte teknikkar og tradisjonelt handverk, agroturisme osv.)
- **Prinsipp for gjestfridom og vertskap** (Sikre vertskapskurs, god informasjon til besøkjande, god og tydeleg formidling)
- **Prinsipp for informasjon og medverknad** (Informasjon ut til innbyggjarane, gode prosessar og kompetanse om kva Cittaslow-verdiane er, mangfald og inkludering)

Desse prinsippa legg føringar og definerer ambisjonsnivå for utvikling og satsing for framtida i Ulvik.

I arbeidet med nærings- og utviklingsplanen kan det komme opp moment og innspel til andre tema som skal handsamast i andre samanhengar og som evt vil bli sendt til rett mottakar, internt eller eksternt. Parallelt vil resultat og momenta frå arbeidet takast med vidare i andre relevante planarbeid.

Organisering av planarbeidet

Heradstyret er oppdragsgjevar for planarbeidet, som er forankra i planstrategien. Arbeidsgruppa får mandat frå heradstyret.

Som faste medlemmar til arbeidsgruppa vert det valt tre (3) politiske representantar, representant frå Ulvik næringslag og representant frå Bondelaget, samt representantar frå administrasjonen. Rådmannen utpeikar representantar til arbeidsgruppa frå administrasjonen.

Administrasjonen koordinerer temakvelder og næringstreff og har sekretariatsansvar og yt fagleg bistand. Arbeidet skjer i dialog med rådmannen og leiargruppa skal haldast løpande orientert.

Medverknad

Strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik 2019 - 2024 er ein temaplan og er ikkje underlagt plan- og bygningslova sitt krav om medverknad på same måte som ein kommunedelplan. Ulvik herad ynskjer likevel brei medverknad frå næringsliv, samarbeidspartar, innbyggjarar og tilsette i heradet, i planlegginga av Ulvik sin framtidige *strategiske nærings- og utviklingsplan*.

Ein temaplan står friare med tanke på lengde på høyringsperiodar og formalia. Planarbeidet skal legge vekt på at medverknad skjer på ein formålstenleg og inkluderande måte for alle partar. Det vil bli arrangert temakvelder med inviterte innleiarar for å kunne belyse og sette fokus på områder som temaplanen skal omhandle. Medverknad med både innbyggjarar, lag, organisasjonar og næringsliv skal prioriterast i arbeidet med planen og er eit sterkt premiss i kriteria for Cittaslow.

Planprogrammet gir ei skildring av kva hovudtema og hovudutfordringar som planarbeidet vil leggje vekt på og måtte svare på. (Sjå vedlegg.) I tillegg til medverknad frå og samhandling med næringslivet, vil planprogrammet bli adressert til innbyggjarane, offentleg mynde, nabokommunar, frivillig sektor og andre deler av kommuneorganisasjonen.

Følgjande arenaer for medverknad vil bli invitert til innspel, dialog og drøfting:

- Planprogrammet leggjast ut til offentleg ettersyn med 4 veker svarfrist
- Næringslivet inviterast særskilt til å komme med innspel til både planprogrammet og til sjølve planen, gjennom tett samarbeid med heradet, Ulvik næringslag og gjennom fora for opne samtalar.
- Opne temakvelder der vi inviterer sentrale verksemder/ aktørar for å orientere om status, utfordringar og utvikling/mogelegheiter.
- Dialog med Visit Hardangerfjord (tidlegare Reisemål Hardangerfjord), lokale og regionale

landbruksorganisasjonar, Hardanger Produksjonskule og Fagskulen i Hordaland
- Dialog med kommunane i Hardanger/ Voss, næringshagane og destinasjonsselskapa i regionen.

Dersom eventuelle tiltak i den nye *strategiske nærings- og utviklingsplanen* berører dei tilsette, vil dei hovudtillitsvalde inviterast med i prosessen.

Endeleg utkast til *Strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik 2019 - 2024* vil bli lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veker, før handsaming i Heradstyret våren 2019.

Rådmannen sitt framlegg:

1. Ulvik Heradstyre vedtek oppstart av planarbeid for ny *Strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik 2019-2024*. Denne leggst ut på høyring i 4 veker.
2. Ulvik heradstyre oppnemnar til arbeidsgruppa tre politiske representantar:
1.....
2.....
3.....
3. Rådmannen utpeikar relevante representantar frå administrasjonen.
4. Bygde- og næringsutviklar kallar inn til første møte i arbeidsgruppa.

29.08.2018 Formannskap

FSK- 057/18 Vedtak:

Samrøystes tilråding:

1. Ulvik Heradstyre vedtek oppstart av planarbeid for ny *Strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik 2019-2024*. Denne leggst ut på høyring i 4 veker.
2. Ulvik heradstyre oppnemnar til arbeidsgruppa tre politiske representantar:
1.....
2.....
3.....
3. Rådmannen utpeikar relevante representantar frå administrasjonen.
4. Bygde- og næringsutviklar kallar inn til første møte i arbeidsgruppa.

26.09.2018 Heradsstyret

Framlegg frå valnemda:

Auka antall representantar frå antall 3 til 5.

Politisk representant til arbeidsgruppa:

1. Oddmund Jordal(V)
2. Guro Ljone(SV)
3. Jon Olav Heggseth(SP)
4. Stig Yngve Røkenes(H)
5. Ingrid Prestegard(AP)

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg med tillegg frå valnemda vart samrøystes vedteke.

HST- 051/18 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Ulvik Heradstyre vedtek oppstart av planarbeid for ny *Strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik 2019-2024*. Denne leggest ut på høyring i 4 veker.

2. Ulvik heradstyre oppnemnar til arbeidsgruppa tre politiske representanter:

1. Oddmund Jordal(V)
2. Guro Ljone(SV)
3. Jon Olav Heggseth(SP)
4. Stig Yngve Røkenes(H)
5. Ingrid Prestegard(AP)

3. Rådmannen utpeikar relevante representantar frå administrasjonen.

4. Bygde- og næringsutviklar kallar inn til første møte i arbeidsgruppa.

Utkast: Bakgrunn og følgjebrev ut til innbyggjarane

I tråd med planstrategien for Ulvik herad skal *Sektorplan for Arbeidsplasser og Næringsutvikling for Ulvik* rullerast. Det vert i planstrategien lagt opp til at ein skal erstatte denne med ein ny *Strategisk nærings- og utviklingsplan (SNU)*. Denne skal inkludere reiseliv og landbruk, som er primærnæringer i Ulvik og omfattar både det tradisjonelle landbruket, tilleggsnæringer knytt til landbruksdrifta og utvikling knytt til reiseliv (agro-turisme) og vertskapsrolla. I tillegg skal planen ha eit sterkare fokus på kultur og kulturminne som næring og generell samfunnsutvikling i Ulvik herad.

Planen vil vurdere og prioritere mål og utfordringar heilt fram mot 2024. Det er formannskapet som har ansvaret for arbeidet med planen. Heradet sin administrasjon bidreg inn i komiteen med fagkompetanse, organisering og sekretærarbeid. Formannskapet skal legge fram 1. utkast av forslag til plan for Heradstyret innan årsskiftet 2018/2019.

Det er Heradstyret som skal vedta Strategisk Nærings- og Utviklingsplan for Ulvik, inkludert ein handlingdel som rullerast kvart år.

Heradstyret treng hjelp frå næringslivet og innbyggjarane til å ta gode val for heradet og inviterer difor til brei medverknad i arbeidet. Med dette dokumentet ønskjer vi å informere om formålet med planen og samstundes invitere til medverknad tidleg i prosessen.

I dokumentet stiller vi nokre spørsmål som nærings- og utviklingsplanen må freiste å gje svar på. Vi ønskjer innspel på desse spørsmåla og gjerne forslag til andre spørsmål som bør stillast, drøftast og svarast på i planarbeidet.

Vi vil gjerne høyre frå deg!

Delta på eit av dei opne temamøta som arrangerast, nærare info kjem på heimesida til heradet og i avisa.

Du kan og sende ditt bidrag til oss på e-post: postmottak@ulvik.kommune.no (Merkast «Ny Strategisk nærings- og utviklingsplan») eller ta kontakt med bygde- og næringsutviklar Natalia Golis for ein prat eller for å avtale eit møte.

FRIST FOR TILBAKEMELDING: 24. oktober 2018

Innhald:

1. Føremål med planarbeidet
2. Utviklingstrekk og hovudspørsmål
- 2.1 Problemstillingar
3. Organisering av planarbeidet
4. Medverknad
5. Framdrift
6. Rammer og føresetnader
- 6.1 Nasjonale rammer og føringar
- 6.2 Ulvik herad sine rammer og føringar

1. Formål med planarbeidet

I tråd med planstrategien for Ulvik herad skal *Sektorplan for Arbeidsplasser og Næringsutvikling for Ulvik* rullerast. Det vert i planstrategien lagt opp til at ein skal erstatte denne med ein ny *Strategisk nærings- og utviklingsplan (SNU)*. Denne skal inkludere reiseliv og landbruk, som er primærnæringar i Ulvik og omfattar både det tradisjonelle landbruket, tilleggsnæringar knytt til landbruksdrifta og utvikling knytt til reiseliv (agro-turisme) og vertskapsrolla. I tillegg skal planen ha eit sterkare fokus på kultur og kulturminne som næring og generell samfunnsutvikling i Ulvik herad.

Den gjeldande «Sektorplanen for Arbeidsplasser og Næringsutvikling» for Ulvik herad blei vedteken i 2008. Ulvik og Hardangerregionen har endra seg stort sidan den gong, og fleire av måla kan også seiast å vere nådd. Komiteen som no vert sett ned vil likevel ta med seg arbeidet som er lagt ned i den eksisterande næringsplanen og trekke med seg det som vurderast relevant frå denne.

Ein strategisk næringsplan blir ein plan for kva det offentlege (heradet) kan gjere for å leggja til rette for ønskjeleg næringsutvikling i kommunen. Planen må difor, i dialog med aktørar, innbyggjarar og næringslivet, avdekke kva for forventningar dei har til heradet for ei berekraftig næringsutvikling. Planen bør svare tydeleg på desse behov og forventningar.

Vidare skal status, utviklingstrekk og utfordringar innanfor næringsutviklinga i heradet og regionen kartleggjast fram mot 2024.

I planarbeidet skal det drøftast kva ein næringsvenleg kommune er. Kva er næringslivet sine behov og forventningar til kommunen og til verkemiddelapparatet?

Planarbeidet skal munne ut i ein ny strategisk nærings- og utviklingspolitikk for Ulvik herad, med mål, tiltak og verkemiddel for perioden 2019 – 2024. Planen skal, etter at den er vedteken, følgjast av ein handlingsdel som rullerast kvart år og som skal ha tydelege prioriteringar. Områder planen skal dekkje er mellom anna (men ikkje utelukkande): næring, landbruk, reiseliv, utviklingsprosjekt og nyskapning, berekraft og regionalt samarbeid.

Å ta vare på natur, kultur og miljø + å styrkja sosiale verdiar = økonomiske levedyktig. Styrking av dei sosiale verdiane i heradet inneber at me skal arbeida for at vi skal vera attraktiv og god for innbyggjarane, parallelt med at ein styrkjer lokalsamfunna, aukar tal arbeidsplassar og skaffar nye faste arbeidsplassar. Heilårsarbeidsplassar vil gje høgare skatteinntekter og tilflytting til regionen. Fleire innbyggjarar gjev større moglegheit for å driva god tenesteproduksjon og høgare attraktivitet.

I sum:

Kva bør Ulvik satse på og kva er vår og regionen sitt fortrinn? Kva skal vi samstundes verne om?

2. Utviklingstrekk i Ulvik og hovudspørsmål

Det har vore fleire større endringar i kommunen og i regionen sidan sist samfunnsdel til kommuneplan og sektorplanane for områda næring og landbruk/jordbruk blei vedteke. Samfunnsutviklinga, befolkningsvekst og endringar i demografien i regionen må kontinuerlig vurderast.

Eit variert næringsliv er avhengig av at heradet legg til rette for nyetableringar, samstundes som ein styrker eksisterande føretak og verksemdar. Eit stabilt næringsliv gir ein stabil, lokal arbeidsmarknad, som igjen er viktig for eventuell nyetablering av føretak og prosjekt. Ulvik herad ønskje å vere framoverlent og imøtekomande. Planen skal freiste å namngje og understreke satsingar og områdar med særskilt fokus.

Landbruket i Ulvik har vore, og er ei avgjerande primærnæring og er ein særskilt viktig identitetsfaktor for ulvikingane. Mykje av aktivitetane i Ulvik er tilpassa rundt årets sesongar innanfor landbruket og bruken av naturressursane. Det er blitt aukande utfordrande å drifta mindre gardsbruk, og på nasjonal basis er byggjast det ned matjord og leggjast ned småbruk daglig. Her bør Ulvik ta ei bevisst standpunkt og leggje til rette for å snu utviklinga.

Reiselivsnæringa er ein samansett næring i stadig endring. Reisande legg stadig meir vekt på aktivitetar og opplevingar og mindre vekt på bestemte reisemål, samstundes som dei stadig stillar høgare krav til reiseopplevingane. Dette gjer at næringa mellom anna må ha fokus på nytenking og produktutvikling, pris og kvalitet og tilpassing til dei reisande sine individuelle ønskje. For å møta desse utfordringane må næringa, heradet og andre aktørar jobbe for større samarbeid og ein samla strategi for reiselivsbransjen i Ulvik.

Komiteen skal systematisk gå igjennom og diskutere mål, tiltak og verkemidla for nærings- og utviklingspolitikken. Arbeidet med ny Strategisk nærings- og utviklingsplan skal tydeleggjere og kommunisere ut kva for kommunale verkemidler som finnst i næringspolitikken på lokalt nivå. Vidare skal den gi tydelege føringar på kva kommunen skal leggja til rette for som utviklingsaktør sjølv eller som pådrivar og på kva måte ansvaret fordeler seg mellom heradet, fylkeskommunen, stat og andre aktørar i offentleg og privat sektor.

Ulvik herad vart i april 2015 medlem i det internasjonale nettverket Cittaslow- eit nettverk av byer over heile verda. Dermed har heradet forankra eit særskilt ønskje og ansvar om å ivareta og fremje god og offensiv miljø- og klimapolitikk og ei berekraftig sosial utvikling, både lokalt og globalt. Vårt ansvar for den naturlege verda og framtidige generasjonar krev at me er nøysame, arbeidar for det berekraftige, forsvarar miljøet og redusera dei tunge økologiske fotavtrykka våre. Dette inneber å forplikta oss til å gjenoppdage tradisjonell kunnskap og å gjera det meste ut av ressursane våre med resirkulering og gjenbruk, i tillegg til å ta i bruk dei nye teknologiane, innovasjon og fornybar grønn energi.

Sertifisering av stader i Cittaslow sitt nettverk omfattar 72 kvalitetskrav inndelt i del-områder. Desse prinsippa er:

- **Prinsipp for energi- og miljøarbeid** (utvikling/ vern av parkar og grøntområde, fornybar energi og utsleppskutt, transport, resirkulering/reinsing osv.)
- **Prinsipp for infrastruktur og planlegging** (alternativ mobilitet, sykkelveggar, gateutsmykking, sentrumsutvikling osv.)
- **Prinsipp for kvaliteten på bygdemiljøet** (restaurering og gjenbruk av forsømte områder, tomme lokalar, fiberoptikk og trådløst nett osv.)
- **Prinsipp for jordbruk, turisme og kunsthåndverk** (nye berekraftige produksjons metodar, vern av kulturlandskap, auke verdien av etablerte teknikkar og tradisjonelt handverk, agro-turisme osv.)
- **Prinsipp for gjestfridom og vertskap** (Sikre vertskapskurs, god informasjon til besøkjande, god og tydeleg formidling)

- **Prinsipp for informasjon og medverknad** (Informasjon ut til innbyggjarane, gode prosessar og kompetanse om kva Cittaslow verdiane er, mangfald og inkludering)

Desse legg føringar og definerer ambisjonsnivå for utviklinga og satsingar for framtida i heradet.

I arbeidet med nærings- og utviklingsplanen vil det komme opp moment og innspel til andre tema som skal handsamast i andre samanhengar og som vil bli oversendt til rett mottakar både internt eller eksternt. Parallelt vil resultatata og momenta frå arbeidet bli tatt med vidare i andre relevante planarbeid.

2.1 Problemstillingar

Dette er ei rekke drøftingsspørsmål vi bør stille oss og som planen skal freista å gi svar på.

A. Korleis Ulvik herad skal leggja til rette for ei berekraftig utvikling

Ein nærings- og utviklingsplan er ikkje ein plan for næringslivet, men skal synleggjere kva heradet kan gjere for å leggje best til rette for ønskjeleg utvikling. Ulvik skal vere vertskap og pådrivar for utvikling. Kva for ambisjonar skal Ulvik ha for dette?

1. Korleis sikre ei lokal utvikling som samstundes er i tråd med kriteria for ei Cittaslow kommune sine prinsippa for ei berekraftig utvikling i heradet?
2. Kva for rolle bør kommunen ta utover å vere vertskap eller leggja til rette?
3. Korleis skal heradet prioritere næringsfondet, også med tanke på dei faste overføringane til næringsrelaterte føremål?
4. Kor/ på kva måte bør ein prioritere våre «søkbare midlar»?
5. Korleis samarbeide/ leggje til rette/ planleggje for eit attraktivt sentrumsområde?
6. Korleis kan Ulvik ytterlegare leggje til rette for investering og verksemder som ønskjer å etablere seg i regionen?
7. På kva måte kan Ulvik leggje til rette for grøn omstilling i heile heradet?
8. Kva for moglegheiter har Ulvik herad til å skaffe naudsynt næringsareal?
9. Korleis kan Ulvik herad handtere dilemmaet mellom jordvern og ønskje om areal til bustad-, fritid-, og næringsføremål for å sikre framtidig matsikkerheit og beredskap?
10. Skal Ulvik herad ha fokus på jordvern og ha nullvisjon om utbygging på landbruksjord?
11. På kva måte kan Ulvik herad bidra til auka sosialt entreprenørskap?
12. Realisering og gjennomføring av Strategisk nærings- og utviklingsplan: roller, mynde, ansvar?

B. Ulvik herad som ein aktiv utviklingsaktør

Heradet har ei rolle, både som utviklingsaktør og som myndigheit. Korleis vere tydelig på kva for rolle vi tek på oss i ulike samanhengar?

1. Kva forventar næringslivet og aktørane av kommunen?
2. Korleis skal dei ulike avdelingane i kommunen vere i møte med/ i dialog med næringslivet?
3. Kva er kommunen sitt handlingsrom i næringspolitikken, lokalt og regionalt?
4. På kva måte vil utviklinga av kunnskapsbaserte næringar, innovasjon og utviklingstakt kunne bidra til vekst og utvikling i Ulvik?
5. På kva måte kan næringslivet i kommunen bidra til at kommunen oppnår sine mål for Ulvik-samfunnet som heilskap?
6. Digitale- og teknologiske løysingar for framtida - heradet si eiga rolle for intern forvaltning og eksterne konsekvensar?
7. Koordinering mellom aktørar - er det ope for nye modellar til samarbeid.
8. Skal heradet framleis ha tilsett ein bygde- og næringsutviklar?
9. Bør ressursane til næring og utvikling sjåast i eit regionalt samheng/ samarbeid?

C. Bransjar og næringsmessige fyrtårn?

All verksemd, utvikling og forvaltning skal bli ei integrert del av ein heilskapleg satsing for utvikling, i tråd med Cittaslow sitt verdigrunnlag. Næringslivet må bli ein meir integrert del av satsingsområda.

Dei 5 områda under er vurdert å vere særskilt viktige for næringsutviklinga i Ulvik og i regionen. Dei kan sjåast på som næringsmessige fyrtårn som vi skal styre etter.

- I. Reiseliv, inkludert opplevingsturisme og agro-turisme
- II. Småskalaproduksjon
- III. Landbruk
- IV. Kulturnæringar
- V. Bygg og anlegg

1. Er dette dei strategisk viktige næringane for Ulvik?
2. Er det desse Ulvik bør satse på, eller har Ulvik fortrinn/ større potensial også innan andre områder?

D. Kompetanse og konkurransekraft:

1. Kva slags strategi kan og skal Ulvik ha for å støtte næringslivet sitt behov for kompetanse og kompetanseheving?
2. Kvar skal verksemdene rekruttere frå?
3. Kva for utdanningsretningar er strategisk viktige for Ulvik å kunne rekruttere frå i framtida?
4. Korleis sikre fleire lærlingeplassar?
5. Kan Ulvik dra nytte av den digitale utviklinga i næringsarbeidet?
6. Grøn omstilling – kva rolle skal heradet ha ovanfor næringslivet?
7. Tiltak som sikrar mangfald og inkludering i arbeidslivet?
8. Kva andre moment er avgjerande for å auke vår konkurransekraft, både i regionen og på Vestlandet?

E. Ulvik som del av Hardangerregionen:

Ulvik herad som del av regionen inkludert Voss og samarbeidsrådet Hardangerrådet.

1. Kva betydning har dette for kven vi samarbeider med og kva vi samarbeider om?
2. Kva potensiale er knytt til meir regionalt samarbeid?
3. Kva skal til for at Ulvik ikkje skal bli ein pendlar/bu-kommune vs. arbeidskommune?
4. Korleis sikre fleire statlege arbeidsplassar til Ulvik og til regionen?
5. Er det mogleg å sjå på meir samarbeid på utviklingsområder regionalt - til dømes felles stillingar? (Dette må sjåast i samanheng med pågåande større regionale prosjekt)

3. Organisering av planarbeidet

Heradstyret er oppdragsgjevar for planarbeidet som er forankra i planstrategien.

Arbeidsgruppa får mandat frå Heradstyret.

Som faste medlemmer til arbeidsgruppa vert det valt 3 politiske representantar, representant frå Ulvik næringslag og Bondelaget. Rådmannen utpeikar representantar frå administrasjonen.

Administrasjonen bidreg med koordinering av temakveldar og næringstreff, sekretariatsansvar og fagleg bistand. Arbeidet skjer i dialog med rådmannen og leiargruppa vert halde løpande orientert.

4. Medverknad

Strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik 2019 - 2024 er ein temaplan og er ikkje underlagt plan- og bygningslova sine krav om medverknad på same måte som ein kommunedelplan. Ulvik herad ønskjer likevel at næringsliv, samarbeidspartnarar,

innbyggjarar og kommunen sine tilsette får moglegheit til å medverke i planlegginga av Ulvik sin utvikling og næringspolitikk.

Ein temaplan står friare med tanke på lengde på høyringsperiodar og formalia, og planarbeidet skal legge vekt på at medverknad skjer på en hensiktsmessig og inkluderande måte for alle partar.

Det vil bli arrangert teamkveldar med inviterte innleiarar for å kunne belyse og sette fokus på områder som temaplanen skal ta inn over seg.

Medverknad med næringslivet og landbruket skjer ved tett dialog, i tillegg til å ha faste medlemar i arbeidsgruppa. Medverknad med både innbyggjarar, lag og organisasjonar og næringsliv skal vere grunnleggjande i arbeidet med planen og er eit sterkt prinsipp i kriteria for Cittaslow. Planprogrammet gir ei skildring av kva hovudtema og hovudutfordringar som planarbeidet vil leggje vekt på og måtte svare på.

I tillegg til medverknad med næringslivet, vil planprogrammet bli adressert til innbyggjarane, offentlige myndigheitar, nabokommunar, frivillig sektor og andre deler av kommuneorganisasjonen.

Kommunen vil bruke følgjande arenaer for medverknad og til å invitere til innspel, dialog og drøfting:

- Planprogrammet leggjast ut til offentleg ettersyn med 4 vekers svarfrist
- Næringslivet vil bli spesielt invitert til å gi sine kommentarar og innspel til både planprogrammet og til sjølve planen gjennom tett samarbeid av Ulvik næringslag og treffpunkter.
- Opne temakveldar der man invitera sentrale verksemder/ aktørar for å orientere om status og utfordringar.
- Dialog med Visit Hardangerfjord (tidligere Reisemål Hardangerfjord), lokale og regionale landbruksorganisasjonar, Hardanger Produksjonskule og Fagskulen i Hordaland
- Dialog med kommunane i Hardanger/ Voss, næringshagane og destinasjonsselskapene i regionen.


Om eventuelle tiltak i nærings- og utviklingsplanen berører dei tilsette, vil dei hovudtillitsvalde bli teken med i prosessen.

Endeleg utkast til strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik 2019 - 2025 vil bli lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veker, før handsaming i Heradstyret våren 2019.

5. Framdrift

Arbeid med nærings- og utviklingsplanen vil gå parallelt med ei mindre revidering av kommuneplanens samfunnsdel. Begge planleggjast slutthandsama i heradstyret våren 2019.

Her er dei ulike fasane i planarbeidet. Nokre av desse fasane vil pågå parallelt.



Medverknad skjer både i forbindelse med planprogrammet, i sjølve planarbeidet og ved høyring og offentlig ettersyn før 2. gangs handsaming (slutthandsaming) i Heradstyret.

Når planen er vedteke er det ei **implementeringsfase**. Med planen vil det følgje ein årleg handlingsdel som skal leggjast fram for politisk handsaming og vedtakast kvart år, på hausten i samband med budsjett, med tydelege prioriterte tiltak for det kommande budsjettåret. Alle politisk vedtekne planar, inkludert nærings- og utviklingsplanen, vert vurdert i høve til kva for tiltak som skal prioriterast i budsjettperioden.

6. Føresetnader og relevante rammar

6.1 Nasjonale rammar

Nærings- og fiskeridepartementet har ansvar for næringspolitikken. Arbeidet med ny Strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik vil innrette seg etter overordna rammar og føringar.

6.2 Regionale planar og rammar

- Regional Næringsplan

6.3 Ulvik herad sine rammar/ planar

- Kommuneplanen (reviderast parallelt)
- Kommuneplanens arealdel
- Handlings- og økonomiplan
- Sektorplan for Arbeidsplassar og Næringsutvikling
- Kriteria for Cittaslow medlemskap
- Kommunedelplan for Helse og Omsorg
- Energi og Miljøplan
- Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Plan for kompetanseutvikling i Ulvik herad
- Bustadstrategisk plan
- Beredskapsplan Ulvik herad
- Kommunedelplan for vatn, avløp og miljø